

Kvartalsrapport

2-2010



SpareBank  
HALLINGDAL





## Kommentarar 2. kvartal 2010

### Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem helleigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,9% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 16 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå dei felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Banken sin del av resultatet i felleskontrollerte verksemdar utgjer 10,4 mill. kr. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har liten samla verknad på konsernresultatet.

### Morbanken

#### Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 39,4 mill. kr som tilsvarar 1,42% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 20,9 mill. kr. Resultatet for 1. halvår er sterkt påverka av endringar i pensjonsavsetning og inntektsføring i samband med selskapsfusjon.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 52,5 mill. kr mot 45,9 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,89%. I same periode i fjor var rentenettoen 1,61%.

Rentenettoen må etter kvart sjåast i samanheng med provisjonsinntekter frå SpareBank 1 Boligkreditt AS. Ved utgangen av 2. kvartal hadde banken overført 584,1 mill. kr i bustadlån til Boligkreditt. Inntektene frå overførte lån blir ført som provisjonsinntekter og utgjer 1,9 mill. kr hittil i år. Dette tilsvarar 0,07% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto andre driftsinntekter utgjer 39,8 mill. kr mot 29,5 mill. i same periode i fjor. Inntektsauken kjem i hovudsak som eit resultat av fusjonen mellom Nordito AS og PBS Holding AS. Fusjonen blir i rekneskapen handsama som ein realisasjon av aksjane og fører til ein gevinst på 5,5 mill. kr. Etter at rekneskapen for 2. kvartal vart avslutta, har det kome ei ny verdivurdering av det fusjonerte selskapet som vil bli lagt til grunn i rekneskapen. Denne nye vurderinga gjer at det i 3. kvartal vil bli gjort ei nedskriving av aksjeposten på ca. 1 mill. kr. I tillegg til effekten av fusjonen er banken sitt utbytte på aksjane i Samarbeidende Sparebanker auka frå 5,5 til 9,7 mill. i 2010. Provisjonsinntektene er på om lag same nivå som fjoråret.

Driftskostnadane viser ein reduksjon frå 42,3 til 32,1 mill. kr og skuldast i hovudsak den rekneskapsmessige effekten av ny AFP-ordning. Banken sine pensjonsavsetningar er redusert med ca. 8,9 mill. Utanom denne transaksjonen har banken ein reell kostnadsreduksjon på 1,3 mill. Kostnadane er med dette på eit forventa nivå.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 5,5 mill. kr, og er noko høgare enn forventa. Størstedelen av tapskostnaden kjem frå auke i dei individuelle nedskrivingane som er knytt til ulike engasjement. Konstaterte tap hittil i år er beskjedne.

Kvartalsresultatet er tilfredsstillande sett i lys av forventningane som er innbakt i årets budsjett. Det er ingen område som har store avvik i høve til budsjettforventningane.

#### Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 5.692 mill. kr. Forvaltningskapitalen er redusert med 1,1% siste

12 månader. Frå årsskiftet er den om lag uendra. Hovudårsaka til den flate utviklinga er mindre utlån i balansen, samt noko mindre innskot i andre bankar.

Utlånsvolumet viser ein beskjeden vekst. Totale utlån ved utgangen av 2. kvartal er 4.884 mill. kr, noko som berre er 26,9 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i prosent er veksten 0,6% siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein nedgang på 4,6%, medan personmarknaden har ein vekst på 4,3% siste 12 månader. Samla utlånsvækst siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkreditt er 6,4%. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 38,9% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 61,1%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 73,7 mill. kr av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,51% av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 31,3 mill. kr per 2. kvartal og er ein auke på 5,3 mill. kr frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 322,5 mill. kr (sertifikat, obligasjonar, aksjar som inngår i handelsporteføljen). Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 290,8 mill. kr. Norske og utanlandske aksjar er bokført til 31,7 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 138,3 mill. kr.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.507 mill. kr, og er ein auke på 65,8 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 1,9%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 71,8% mot 70,8% på same tid i fjor.

Banken har per 2. kvartal til saman 1.340 mill. kr i eksterne lån, 5 obligasjonslån på til saman 950 mill. kr, 3 banklån på til saman 292 mill. kr og eit F-lån i Norges Bank på 100 mill. kr. Av desse låna har 600 mill. kr løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kr i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kr.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,1% ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

#### Framtidsutsikter

Resultatet så langt i år utanom dei ekstraordinære inntektene er i tråd med banken sine forventningar og indikerer at banken vil nå eit årsresultat som er klart betre enn i 2009 ut i frå følgjande tilhøve:

Det er eit mål at banken i løpet av året skal innføre eit system for betre prising av risiko på engasjement overfor næringslivet. Dette vil gje eit meir rettferdig prissystem som prisar den risikoen banken tek på ein korrekt måte.

Kostnadane har hatt fokus i 2009 og det held fram i år. Det er lagt opp til at kostnadane i 2010 skal liggje på 2009-nivå. Likevel er det mykje usikkerheit knytt til eit relativt lågare aktivitetsnivå i sentrale bransjar i banken sitt marknadsområde. Dersom dette held fram vil investeringsviljen i næringslivet bli lågare enn venta, og dermed kunne føre til auka misleghald og tap.

Utlånsvæksten innafor privatmarknaden har vore tilfredsstillande og ein ser no at aktiviteten innafor bedriftsmarknaden er i ferd med å ta seg forsiktig opp.

Hallingdal, 30.06.10/11.08.10

Kjell Vidar Bergo Ragnhild Kvernberg Kjell R. Kristiansen  
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Vidar Isungset Mikael Fønhus Kristin Ourom

## Resultatregneskap 2. kvartal 2010 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 09	2. kv. 09	2. kv. 10	30.06.09	30.06.10		30.06.10	30.06.09	2. kv. 10	2. kv. 09	Året 09
250 015	61 569	57 276	137 302	112 513	Renteinntekter og liknande inntekter	111 256	134 638	56 587	59 575	247 068
149 588	38 568	30 553	91 371	59 955	Rentekostnader og liknande kostnader	59 984	90 415	30 573	37 336	149 412
<b>100 427</b>	<b>23 001</b>	<b>26 723</b>	<b>45 932</b>	<b>52 557</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>51 272</b>	<b>44 223</b>	<b>26 014</b>	<b>22 239</b>	<b>97 656</b>
7 968	6 062	12 506	6 617	13 825	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	14 060	10 750	8 792	7 225	26 527
36 398	9 575	9 345	17 697	18 494	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	18 494	17 698	9 345	9 576	43 324
1 893	362	505	796	953	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	953	797	505	363	1 885
7 130	7 155	5 695	4 662	7 105	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	7 105	4 662	5 694	7 155	7 130
2 159	384	593	1 307	1 304	Andre driftsinntekter	9 969	7 645	4 404	3 264	10 847
<b>51 762</b>	<b>22 814</b>	<b>27 634</b>	<b>29 487</b>	<b>39 776</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>48 675</b>	<b>39 958</b>	<b>27 730</b>	<b>26 857</b>	<b>85 943</b>
<b>152 189</b>	<b>45 815</b>	<b>54 356</b>	<b>75 419</b>	<b>92 333</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>99 947</b>	<b>84 181</b>	<b>53 744</b>	<b>49 096</b>	<b>183 599</b>
69 520	13 669	4 953	30 878	22 774	Løn og generelle administrasjonskostnader	28 282	35 310	7 195	15 685	78 938
1 652	411	426	786	851	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	3 525	3 373	1 762	1 701	7 020
19 936	5 727	4 540	10 646	8 453	Andre driftskostnader	6 373	7 494	3 549	4 089	16 612
<b>91 108</b>	<b>19 808</b>	<b>9 919</b>	<b>42 310</b>	<b>32 079</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>38 180</b>	<b>46 177</b>	<b>12 506</b>	<b>21 475</b>	<b>102 570</b>
<b>61 081</b>	<b>26 007</b>	<b>44 437</b>	<b>33 109</b>	<b>60 254</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>61 767</b>	<b>38 004</b>	<b>41 238</b>	<b>27 621</b>	<b>81 029</b>
6 661	1 960	2 375	4 586	5 507	Tap på utlån, garantiar mv	5 507	4 586	2 374	1 960	6 661
					Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt					
<b>54 420</b>	<b>24 047</b>	<b>42 063</b>	<b>28 522</b>	<b>54 747</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>56 260</b>	<b>33 418</b>	<b>38 864</b>	<b>25 661</b>	<b>74 368</b>
15 214	6 500	12 000	7 600	15 300	Skatt på ordinært resultat	15 818	7 980	12 226	6 715	15 933
<b>39 206</b>	<b>17 547</b>	<b>30 063</b>	<b>20 922</b>	<b>39 447</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>40 442</b>	<b>25 438</b>	<b>26 638</b>	<b>18 946</b>	<b>58 435</b>
					Minoritetens andel	16	6	-41	6	33
<b>39 206</b>	<b>17 547</b>	<b>30 063</b>	<b>20 922</b>	<b>39 447</b>	<b>Resultat</b>	<b>40 426</b>	<b>25 432</b>	<b>26 679</b>	<b>18 940</b>	<b>58 402</b>

## Nøkkeltal

	MORBANK			
	2. kv. 10	2. kv. 09	Året 09	Norm 09
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,89	1,61	1,76	1,80
Driftskostnader i % av driftsinntekter	34,74	56,10	59,87	54,39
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,59	1,48	1,59	1,41
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	15,03	8,20	7,65	11,76
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	10,83	6,01	5,51	8,90
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,11	0,09	0,14	0,30
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	0,57	3,81	5,45	2,47
Innskotsvekst siste 12 mndr.	1,91	19,31	7,13	4,69
Innskot i % av brutto utlån	71,81	70,87	72,18	71,50
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	-1,14	3,15	-2,53	4,53
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital	705 747	674 347	711 455	
Kapitaldekning	16,12	16,99	17,00	15,96
Eigenkapitalprosent	13,23	12,16	11,70	8,56
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,65	0,63	0,54	0,86
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	76,90	68,94	73,42	71,60

## Balanse per 30. juni 2010 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.09	30.06.09	30.06.10	EIGEDELAR	30.06.10	30.06.09	31.12.09
37 803	130 533	21 311	Kontantar og fordringar på sentralbankar	21 311	130 533	37 803
357 107	340 182	294 529	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	294 862	340 182	357 154
4 867 279	4 855 885	4 883 803	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 801 471	4 765 560	4 783 063
-9 135	-9 127	-14 440	- Individuelle nedskrivningar	-14 440	-9 127	-9 135
-16 900	-21 200	-16 900	- Gruppevise nedskrivningar	-16 900	-21 200	-16 900
4 841 244	4 825 558	4 852 463	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 770 131	4 735 233	4 757 028
263 805	269 106	290 824	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	290 824	269 204	263 805
79 790	66 947	85 210	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	86 302	67 945	80 882
48 761	48 761	60 949	Eigarinteresser i tilknytta selskap	100 091	69 280	86 233
23 217	22 930	23 777	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
1 230	298	1 230	Immatrielle eigedelar	13 937	13 971	13 937
10 120	9 201	10 303	Varige driftsmidar	102 348	101 659	100 401
6 147	12 863	13 206	Andre eigedelar	13 206	12 765	6 147
27 056	31 558	38 255	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	44 442	38 210	34 692
<b>5 696 280</b>	<b>5 757 936</b>	<b>5 692 057</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>5 737 454</b>	<b>5 778 982</b>	<b>5 738 082</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
392 000	392 000	392 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	392 915	392 000	392 908
3 513 281	3 441 275	3 507 072	Innskot frå og gjeld til kundar	3 503 203	3 433 351	3 507 248
1 014 603	1 124 718	948 417	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	948 417	1 124 718	1 014 603
24 962	21 315	30 010	Anna gjeld	33 697	22 575	30 250
16 900	63 646	55 268	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	55 494	66 284	16 900
15 407	13 489	6 424	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	11 541	18 724	20 256
4 977 153	5 056 442	4 939 191	Sum gjeld	4 945 267	5 057 652	4 982 165
			Minoritetsinteresser	913	199	237
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	39 142	20 519	37 472
0	0	0	Annan eigenkapital	-1 713	-5 392	-919
704 905	675 500	704 905	Sparebanken sitt fond	704 905	675 500	704 905
14 222	5 072	8 514	Gåvefond	8 514	5 072	14 222
0	20 922	39 447	Resultat hittil	40 426	25 432	0
<b>719 127</b>	<b>701 494</b>	<b>752 866</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>791 274</b>	<b>721 131</b>	<b>755 680</b>
<b>5 696 280</b>	<b>5 757 936</b>	<b>5 692 057</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>5 737 454</b>	<b>5 778 982</b>	<b>5 738 082</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
626 080	602 927	600 314	Betinga forpliktingar	600 314	602 927	626 080

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 10	2. kv. 09	Året 09
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	73 708	84 725	62 997
- individuelle nedskrivning	10 483	8 861	3 704
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>63 225</b>	<b>75 864</b>	<b>59 293</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	56 033	288	62 290
- individuelle nedskrivning	4 315	191	6 000
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>51 718</b>	<b>97</b>	<b>56 290</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>			
Endring gruppe nedskrivning	0	2 000	-2 300
Endring individuell nedskrivning	5 327	2 112	2 697
Konstatert tap i perioden	317	497	6 389
Inngått på tidl.konst. tap	-137	-23	-125
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>5 507</b>	<b>4 586</b>	<b>6 661</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Ål  
Postboks 173  
3571 Ål  
Gol  
Postboks 33  
3551 Gol

Hemsedal  
Postboks 23  
3561 Hemsedal  
Valdres  
Postboks 183  
2901 Fagernes

**SpareBank**  
HALLINGDAL

